

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 Oslo

Bergen, 13.5.2016

## **Høringsuttalelse om Nonstadgilet kraftverk i Vaksdal kommune, Hordaland**

Naturvernforbundet i Hordaland (NVH) ynskjer ikkje at Blåfall AS skal få konsesjon til å bygge ut Nonstadgilet i Vaksdal kommune, Hordaland. Slik kraftverket er planlagt er det berekna ein gjennomsnittleg årleg energiproduksjon på 9,7 GWh.

I den såkalla Vaksdal II pakken ligg det inne 4 søknader om løyve til utbygging av småkraftverk i nedre delen av Eksingedalen i Vaksdal kommune, inkludert desse to søknadene. I fjor (2015) var det ute fleire søknader i småkraftpakken Vaksdal 1 om løyve til utbygging av småkraftverk i Bergsdalen og Vaksdal. Med tanke på at den økologiske belastninga i området vil bli stor, og at dette vil kunna få store negative konsekvensar for blant anna det biologiske mangfaldet, er NVH kritisk til at Blåfall AS skal få konsesjon til å bygga ut Nonstadgilet kraftverk. Vår vurdering er at kostnadane ved denne utbygginga langt overgår fortenesta, og grunnleggjer dette med følgjande;

### **Landskap og hydrologi**

Villmarksprega områder vil sei områder som ligg ein kilometer eller meir unna tyngre tekniske inngrep. Desse områda er under sterkt utbyggingspress og er kraftig redusert dei siste tiåra. Nyare forskning syner at verdien av villmark er endå større enn tidlegare antatt (sjå t.d. Sverdrup-Thygeson, 2014). Tap av villmark bidreg til fragmentering, som er den *klart* største trusselen mot biologisk mangfald (Kålås m.fl., 2010). Planlagde naturinngrep ved utbygging av Nonstadgilet kraftverk vil føre til eit varig tap av villmark på 4,27 km<sup>2</sup>.

Frå inntakspunktet i Litle Nonstadgilsvotni vil bekken leggest i rør 1,85 km ned til kraftstasjonen. Bygging av rørtraséen krev sprengingsarbeid og massefylling. Oppføring av kraftverket føreset også at det byggast ein anleggsveg opp langs rørtraséen til inntakspunktet. Eit belte på 30 meter vil bli direkte berørt av grave- og sprengingsaktivitetar i anleggsperioden. Dette er dramatiske inngrep som i konsesjonssøknaden ikkje er vurdert til å ha nokon konsekvens.

Nonstadgilet reknast som naturtypen elveløp. I Norsk rødliste for naturtyper (2011) er elveløp ein naturtype vurdert som nær truga. Dette er grunna inngrep i form av veg, drenering, og vasskraftutbygging.

Dagens middelsvassføring i vassdraget er berekna til 0,323 m<sup>3</sup>/s, og alminneleg lavvassføring er berekna til 0,022 m<sup>3</sup>/s. Det planleggast eit slipp av minstevassføring 0,022 m<sup>3</sup>/s, altså lik alminneleg lavvassføring. Maksimal slukeevne til kraftverket er oppgitt til 0,88 m<sup>3</sup>/s. Eit middels år vil gi 336 dagar med minstevassføring (92 % av året) medan eit tørt år gir heile 354 dagar med minstevassføring. Ei redusert vassføring i vil påverka dramatisk flora og fauna langs elvestrekningen.

### **Biologisk mangfald**

Influensområdet for Nonstadgilet kraftverk er innanfor leveområdet til villreinen. Dette er svært sky dyr som ikkje likar seg nær menneskeleg infrastruktur. Dermed vil utbygging av dette vassdraget bidra til å innskrenke leveområdet til villreinen. Reinen vil også vere spesielt følsam for støy frå anleggsarbeidet. Fjellområda rundt Eksingedalen er registrert som eit svært viktig vilrområde nettopp fordi området inngår i Fjellheimen villreinområde og villrein er ein nasjonal ansvarsart.

Området er også leveområde for haren som er ein rødelista art (NT), dette grunna stor nedgang i bestanden på kort tid. Nært influensområdet er det også observert vipser. I konsesjonssøknaden blir desse omtalt som *nær trua*, men vipser er i kategorien *sterkt trua* (EN). Rødstilk er også observert, som er ein nasjonal ansvarsart (minst 25% av den europeiske bestanden forekommer i Norge).

### **Samla belastning**

Naturvernforbundet Hordaland ønskjer å vise til fleire aktuelle småkraftprosjekt som er til vurdering i Eksingedalen. Å la stadig fleire småkraftverk få konsesjon på utbygging, fører til at det blir stadig mindre og mindre urørt natur. Arealødelegging som følgje av utbygging er eit av dei største trugsmåla mot norsk natur. Naturmangfaldslova sitt prinsipp om økosystemtilnærming og samla belastning (§10) lovfestar alle at nye inngrep, som utbygging av småkraftverk, må vurderast samla for å kunna få eit oversyn over konsekvensane. At det er gjort mange kraftutbyggingar i området før, er ikkje noko argument for vidare utbygging, snarare tvert imot. Dess fleire inngrep som er gjort eller planlagt utført i området, dess større verdi får dei vassdraga som enno er igjen, og dess høgare krav burde det stillest for at NVE skal tildela nye konsesjonar.

Med venleg helsing  
for Naturvernforbundet Hordaland

Synnøve Kvamme  
leiar

Øystein Heggebø  
saksbehandlar